Plan for psykososialt miljø

Uskedalen skule

Innholdsfortegnelse

GRUNNLAG **3**

OVERSIKT **4**

ÅRSHJUL FASTE HANDLINGAR **5**

FYLGJE MED **5**

SKULEN SINE TILTAK 5
A. Elevsamtalar *5*
B. Inspeksjon *5*
C. Utviklingssamtalar med føresette *6*
D. Elevundersøkinga *6*
E. Informasjonsflyt *6*
FØRESETTE SI ROLLE: 6

GRIPE INN **7**

SKULEN SINE TILTAK 7
Alvorlege hendingar, tydeleg krenking *7*
Utfrysing *7*
Sjikane eller anna stygg munnbruk *7*

VARSLE **8**

SKULEN SINE TILTAK 8
FØRESETTE SI ROLLE 8

UNDERSØKJE **9**

SKULEN SINE TILTAK 9
Observasjon *9*
Elevsamtalar *9*
FØRESETTE SI ROLLE 9

SETJE INN TILTAK **9**

SKULEN SINE TILTAK 10
FØRESETTE SI ROLLE 10

DOKUMENTERE **10**

OPPFYLGING **10**

VEDLEGG **10**

Grunnlag

Uskedalen skule skal vera læringsarena der alle elevar skal føla seg inkludert og ha det trygt og godt. Ein viktig føresetnad for å utvikle eit trygt og godt skulemiljø for alle elevar, er arbeidet med å utvikle elevane sine sosiale dugleikar.

Ny Opplæringslov, gjeldande frå 1.august 2024, §12-2 og §12-3 seier at alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring. Skulen skal ikkje godta krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal har eit trygt og godt skulemiljø. Uskedalen skule sitt arbeid på dette feltet vert synleggjort i denne planen. Opplæringslova beskriv 5 delplikter som skal sikra dette.
Delpliktene omtalt i denne planen gjeld alle som arbeider på skulen.

Pliktene skildra i Opplæringslova §12-4 gjeld skulen og alle som arbeider ved skulen. Det er rektor og skulen sitt ansvar å syte for at alle elevane har det trygt og godt på skulen. Det er likevel slik at elevane si skuletid og fritid heng saman, og det er difor viktig med eit tett og godt samarbeid mellom alle vaksne som har ei rolle i borna og ungdomane sine liv. Under kvar av delpliktene til skulen, freistar planen difor også å synleggjere rolla til føresette og andre vaksne.

Oversikt

Fylgje med

- Elevkommunikasjon, dagleg observasjon, inspeksjon, undersøkingar
- Informasjonsflyt
- Kontakt skule-heim
- Endring i åtferd
- Vera på plass til rett tid, overgangar, timar og inspeksjon

Gripe inn

- Nulltoleranse, låg terskel for å gripe inn
- Involverande vaksne
- Alle skal reagera på uønska atferd

Varsle

- Varsle rektor og kontaktlærar omgåande
- Gjeld alle tilsette
- Skjerpa varslingsplikt dersom vaksen krenkar

Undersøkje

- Samtale med eleven og føresette
- Systematiske- og usystematiske observasjonar
- Spekter undersøking
- Sosiogram, elevsamtalar, samtalar med helsesjukepleiar
- Samtalar med involverte elevar og føresette

Tiltak

- Aktivitetsplan, med problemskildring, analyse og oppsummering av undersøkingar, samt passande tiltak
- Oppretting av stafettlogg
- Oppfylging og evaluering

Dokumentasjon

- Alle saker skal dokumenterast i Visma Sikker Sak

Årshjul faste handlingar

Når	Handling	Rutine	Ansvar
August	Elevkommunikasjon	Samtalar, loggbok,….	Kontaktlærar
September	Informasjon på foreldremøte Elevkommunikasjon	 Samtalar, loggbok,…	Rektor Kontaktlærar
Oktober	Elevundersøkinga Utviklingssamtalar Elevkommunikasjon	 Saman med føresette Samtalar, loggbok,….	Rektor Kontaktlærar Kontaktlærar
November	Elevkommunikasjon	Samtalar, loggbok,….	Kontaktlærar
Desember	Elevkommunikasjon	Samtalar, loggbok,….	Kontaktlærar
Januar	Elevkommunikasjon	Samtalar, loggbok,….	Kontaktlærar
Februar	Elevkommunikasjon	Samtalar, loggbok,….	Kontaktlærar
Mars	Elevkommunikasjon	Samtalar, loggbok,….	Kontaktlærar
April	Elevkommunikasjon Utviklingssamtalar	Samtalar, loggbok,…. Saman med føresette	Kontaktlærar Kontaktlærar
Mai	Elevkommunikasjon	Samtalar, loggbok,….	Kontaktlærar
Juni	Elevkommunikasjon	Samtalar, loggbok,….	Kontaktlærar

I tillegg psykososialt arbeid i alle klassar med utgangspunkt i Plan for Psykososialt arbeid ved skulen vår.

Fylgje med

Skulen skal ha gode rutinar for å fylgje med og fange opp alle former for krenking. Plikta til å fylgje med gjeld alle tilsette ved skulen.

Skulen sine tiltak

A. Elevkommunikasjon

Frekvens: Minst annan kvar månad.
Innhald: Samtalar og/eller bruk av loggbok med spørsmål som: Har du det trygt og godt på skulen? Ser du andre som ikkje har det trygt og godt? Vi skal nytta samtalane til og å inkludera tema rundt skulemiljø.

B. Inspeksjon

Frekvens: Kvar dag
Innhald: Skulen har tydelege rutinar for inspeksjon i friminutta samt god vaksendekning med minimum 1 vaksen per 25 elevar. Vaksne som har inspeksjon har sine soner dei har ansvar for. Formålet er å vera synleg og tydeleg. Erfaringar rundt inspeksjon vert delt i kollegiet jamleg.

C. Utviklingssamtalar med føresette

Frekvens: Halvårleg og ved behov.
Innhald: Trivsel er tema på alle utviklingssamtalane. «Har du det trygt og godt på skulen? Ser du andre som ikkje har det trygt og godt?».

D. Elevundersøkinga

Frekvens: Oktober kvart skuleår.
Skulen nyttar Elevundersøkinga som grunnlag for analyse og tiltak for å styrke skulemiljøet. Resultata frå undersøkinga vert presentert for og drøfta med elevane i 5.-7.klasse, FAU og Skulemiljøutvalet (SU).

E. Informasjonsflyt

PU - møter
Deltakarar: Alle lærarar
Frekvens: Kvar veke
Innhald: Krenking og mobbing vert inkludert i PU-møter. Regelmessige evalueringar av klassemiljø i fellesskap. Alle deltakarane på møtet har ansvar for å melde inn saker.

Samarbeidsmøte – verneombod, administrativ ressurs, forbund og rektor
Deltakarar: Sjå ovanfor
Frekvens: Minimum ein gong i månaden
Innhald: Krenking og mobbing er eit av fleire tema.

Informasjonsmøte og morgonmøte
Deltakarar: Leiinga, alle lærarane og alle assistentar/fagarbeidarar.
Frekvens: Kvar veke
Innhald: Krenking og mobbing er tema på alle informasjonsmøta.

Føresette si rolle:

Observasjon av ungdom som går mykje åleine.
Observasjon av ungdom som ikkje vert inkludert i fellesskapen.
Observasjon av endring i nettverk.
Observasjon av aktivitet i sosiale medium.

Gripe inn

Dei vaksne ved skulen har plikt til å gripe inn ved alle former for krenkingar eller ved mistanke om slikt. Skulen har nulltoleranse mot alle former for krenkingar, og det skal vere ein låg terskel for å gripe inn.
Dersom ein er usikker på om ein observerer noko som inneber krenking, skal ein likevel gripe inn ved å involvere seg, td ta kontakt med elevane og gje uttrykk for at ein er usikker.

Skulen sine tiltak

Alvorlege hendingar, tydeleg krenking

Ved alvorlege hendingar eller tydeleg krenking skal situasjonen stansast umiddelbart. Den vaksne skal ta kontroll på situasjonen. Eleven som vert krenka skal ivaretakast og evt. skjermast.
Eleven eller elevane som krenka skal skjermast, og det skal gjennomførast samtale så raskt som råd.

Utfrysing

Ved observasjon av eller mistanke om utfrysing, skal situasjonen stansast.

Sjikane eller anna stygg munnbruk

Stoppast av vaksen umiddelbart. Løysast i lag med kontaktlærar og rektor.

Rutinar for å gripe inn		
Vert alltid gjennomført:		
Kva	**Når/korleis?**	**Ansvar**
Gripe inn ved all mistanke om krenking.	Over alt – alltid! Tydeleg vaksen, ta kontroll på situasjonen. Skjerming av involverte. Innhenting av informasjon	Alle, både føresette, assistentar og lærarar.
Melding til kontaktlærar.	Omgåande.	Den som observerer eller har mistanke
Melding til rektor	Same dag	Kontaktlærar
Fyrste samtale med den som vert krenka.	Omgåande	Den som observerer, evt. kontaktlærar

Fyrste samtale med den/dei som krenka.	Same dag	Den som observerer, evt. kontaktlærar
Vert vurdert i kvar sak:		
Kontakt med heimen til den som vert krenka.	Same dag	Kontaktlærar
Kontakt med heimen til den/dei som krenka.	Same dag	Kontaktlærarar
Oppretting av § 12-2-sak (skulemiljøsak) vert vurdert:		
Dokumentasjon i VFS Sikker sak – oppretting av Aktivitetsplan	Opprett journalnotat med kategori Observasjon, for kvar enkelt observasjon.	Kontaktlærarar, den som observerte og andre tilsette som er tett på.
Informasjon til alle vaksne på skulen.	Info på personalmøte for SFO og PU-økt for lærarar.	Rektor
Informasjon til rektor. Vurdering av ytterlegare tiltak, jmfr Oppl.lov §12-2	Analyse og oppsummering av undersøkingane.	Kontaktlærar pluss andre involverte. Rektor

Varsle

Alle tilsette som observerer eller får mistanke om krenking, har plikt til å varsle omgåande, seinast i løpet av same dagen. Slikt varsel skal skje ved melding til kontaktlærar. Kontaktlærar melder vidare til rektor.

Skulen sine tiltak

Involverte vaksne tar ei vurdering av saka og initierer tiltak. Dette kan vere:

- Samtale med elev/elevar
- Kartlegging av situasjonen – observasjon i relevante situasjonar
- Informasjon til føresette med klare krav og forventingar

Føresette si rolle

Følgje opp elevar på heimebane. Lytte, undersøkje og informere. Vere samarbeidspartnar for skulen og viktig støttespelar for elev.

Undersøkje

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt læringsmiljø, skal skulen snarast undersøkje saka.

Skulen sine tiltak

Observasjon

I situasjonar der skulen har kjennskap til eller mistanke om at elevar ikkje har det trygt og godt, vert det sett i gong systematisk observasjon for å skaffe meir kunnskap om situasjonen. Lenke til mal for observasjon.
I samråd med rektor, har kontaktlærar ansvar for å setje i gong og avgjere tema for observasjonen.
Aktuelle deltakarar i observasjonen kan vere andre faglærarar i klassa, assistentar som deltek i klassa eller alle vaksne som har inspeksjon i friminutta. Ein observasjonsperiode varer normalt i 2-5 dagar, etter dette skal alle involverte delta i informasjonsutveksling.

Elevsamtalar

Kontaktlærar gjennomfører elevsamtalar med alle eller utvalde elevar i ei klasse eller på tvers av klassar. Føremålet er å skaffe informasjon ved mistanke om eller kjennskap til elevar som vert krenka.
Retningslinjer for elevsamtale:

- avklar forventningar til samtalen
- still opne spørsmål
- ivareta elevane sitt personvern

Spekter

Skule gjennomfører Spekter – undersøke i klassen.

Føresette si rolle

Bidra med informasjon, søkje vidare informasjon frå involverte elevar samt formidle dette til skulen. Jobbe tett i lag med skulen for å kartleggje situasjon.

Setje inn tiltak

Skulen har plikt til å setje inn eigna tiltak for alle elevar som opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. Skulen har ansvar for å fylgje opp tiltaka, evaluere verknaden og eventuelt justere eller supplere med nye tiltak dersom det er naudsynt. Rektor har ansvar for å fylgje opp alle saker.
Plikta til å setje inn tiltak inntreff med det same skulen får kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt. Skulen skal aldri overprøve eleven eller dei føresette si oppleving av situasjonen.
Skulen har ei plikt til å vurdere tiltak i alle situasjonar, dette gjeld også i situasjonar der eleven og/eller dei føresette ikkje ynskjer tiltak. Skulen er uansett forplikta til å vurdere kva som er til det beste for barnet.

Skulen skal skriftleggjere sine tiltak i ein aktivitetsplan ref. kommunal prosedyre for §12-2 handtering.

Skulen sine tiltak

Her vil ein følgje kommunen si rutine for §12-2 handtering. Tiltak vil avhenge av kvar enkelt sak, men døme på tiltak er:

- elevsamtalar
- klassesamtalar
- foreldresamtalar
- nytta helsesøster
- utvida vakthald
- førebyggande arbeid med klassemiljø
- relasjonsbygging
- avtalar med involverte elevar om endring av åtferd – samt oppfølging av dette

Føresette si rolle

Delta på foreldresamtalar. Jobbe aktivt med tiltak som involverer heim i etablert aktivitetsplan. Støtte elevar og jobbe positivt for å utbetra situasjonen.

Dokumentere

Tiltak som vert initiert ved ei mobbesak skal dokumenterast i samsvar med kommune sine retningslinjer for dette. Vi opprettar ein aktivitetsplan i Visma Flyt Skole Sikker Sak, som er kommunen sitt dokumentasjonssystem for elevsaker som vert klassifisert som §9A.

Oppfylging

Oppfølging av ei sak skal gjennomførast i samsvar med aktivitetsplan. Tiltak som er gjennomført skal vurderast. Ofte vil det vere naudsynt med vidare observasjon for å verifisere effekt av tiltak.

Merk at ei mobbesak ikkje kan lukkast før alle involverte partar er einige om dette.

Vedlegg